
Emne:

VS: Norsk Sjøfuglsenter

Fra: Synnøve Rivedal [mailto:synne.rivedal@gmail.com]

Sendt: søndag 17. desember 2017 22:32

Til: Per Arne Tveit <perarnetveit61@gmail.com>; Linda Landøy <lindalandoy@hotmail.com>; Anders Braanaas <anders.braanaas@me.com>; Alv Ottar Folkestad <aof@albicilla.no>; Anders Ryssdal <Anders.Ryssdal@sfj.no>; Askvoll kommune <postmottak@askvoll.kommune.no>; Ole André Klausen <Ole.Andre.Klausen@askvoll.kommune.no>; Elin Blom Vesterås <elinblomv@hotmail.com>

Emne: Norsk Sjøfuglsenter

Til stiftarar og styre i Norsk Sjøfuglsenter

No på tampen av året kan det passe med ei lita orientering om stoda for Norsk Sjøfuglsenter. De er alle kjende med dei økonomiske utfordringane til Sjøfuglsenteret. I 2017 har vi helde hjula i gang ved hjelp av omdisponerte midlar frå fylkesmannen. Takka vere stor dugnadsinnsats, særleg frå Linda Landøy og Anders Braanaas, har det vore eit høgt aktivitetsnivå gjennom året. Det er laga utstilling om marin forsøpling og ein har tatt imot grupper med turistar, firmaturar og skuleklassar. For meir informasjon om dette, sjå rapporten som er lagt ved.

Det er søkt fylkesmannen om midlar til vidareføring av dette informasjonsarbeidet i 2018, og søknaden vart innvilga med kr. 100 000,-. Fylkesmannen vil også samarbeide med Sjøfuglsenteret om å lage ein besøksstrategi for verneområda langs kysten. Dette er svært gledeleg og sikrar drifta eitt år til, men ein er likevel avhengig av stor dugnadsinnsats.

På arbeids- og styremøte i haust diskuterte vi om det var mogleg å løyse opp stiftinga og gå over til ein annan organisasjonsform. Bakgrunnen for dette er at vi som stifting har store utgifter til rekneskapsføring og revisjon; kr 27 000 + 15 000, totalt kr. 42 000,-. Dersom Sjøfuglsenteret blir organisert som frivillig lag, vil ein sleppe revisjonsplikt, og rekneskapskapen kan førast mykje rimelegare av ein av styremedlemmene. Som stifting må Sjøfuglsenteret også ha eige abonnement på breiband, noko som kostar kr 24 000 i året. Desse utgiftene kan muligens delast med Værlandet Gjestehamn ved ei anna organisasjonsform. Vi vil undersøke om det er mogleg å gjere desse endringane i organisasjonsform, og ynskjer å ta saka opp på møte med stiftarane.

Føresler dermed eit møte mellom styre og stiftarar i Askvoll (kjem tilbake til møtestad) torsdag 18. januar kl. 14. Gje beskjed om dette ikkje passar, så prøver vi ein annan dato.

Så vil eg ynskje alle ei god jul og eit godt nyttår!

Med helsing

Synnøve Rivedal